

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Bikuben kurs- og konferansesenter, Bergen

MØTETIDSPUNKT: 08.06.2022, kl. 12.30 – 14.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Clara Beate Gram Gjesdal	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Ola Jøsendal	Medlem
Hilde Fossmark Helvig	Medlem
Siri Bergsholm Bjørhovde	Medlem
Marianne Heggø Hansen	Varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Ragnhild Winum	Medlem
----------------	--------

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerande direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Bernt Flekke	Kommunikasjon- og marknadsdirektør
Tonje Folkvang	Apotekar, Sjukehusapoteket i Stavanger
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL**Sak 12/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Deltakarar deltok i møte på avtalt stad.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

**Sak 13/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
17.03.2022****Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 17.03.2022

**Sak 14/22 Administrerande direktør si orientering, pkt. 1-3. Pkt. 4-6 vart
behandla under lukka del.****Oppsummering**

1. Status Risikoområde legemidler (ROMLE)
2. Status EIK/RBD (reseptur- og butikkdatasystem)
3. Undersøking internkommunikasjon

Adm.direktør, økonomidirektør og kommunikasjon- og marknadsdirektør orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

**Sak 15/22 Styrande dokument for styret i Sjukehusapoteka Vest HF – årleg
gjennomgang****Oppsummering**

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

I tråd med føringar frå styret i Sjukehusapoteka Vest vert det berre lagt fram dokument kor det har vore endringar siste året. For Sjukehusapoteka Vest gjeld dette varslingsrutiner (felles for alle føretaka) og vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF. Nye styremedlemmer i

2022 har fått lagt fram for seg alle styrende dokument som gjeld for Sjukehusapoteka Vest HF.

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- *Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF*
- *Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»*
- *Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel*
- *Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF*
- *Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF*
- *SAV Styringsmodell*
- *Styrande dokument til Fullmaktsmatrise*
- *Fullmaktsmatrise*
- *Arkivplan for Sjukehusapoteka Vest HF*
- *Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest*
- *Konsept for intern kontroll i Helse Vest*

Sak 18/22 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

Skriv og meldingar

1. Brev av 12.04.2022 frå Sjukehusapoteka Vest HF til Arbeids- og inkluderingsdep. om høyring – Forslag til endringer i regelverket for inn- og utleie fra bemanningsforetak
2. Brev av 12.04.2022 frå Sjukehusapoteka Vest HF til Arbeids- og inkluderingsdep. om høyring – Forslag til endringer i arbeidsmiljøloven – styrking av retten til heltid
3. Specialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2021 av 09.03.2022
4. Protokoll frå føretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest HF 03.05.2022
5. Utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen, fase 1 (forprosjekt)

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter jf. Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4

Sak 14/22 Administrerande direktør si orientering, pkt. 4-6

Oppsummering

4. Status for produksjonsstøttesystem i Helse Vest (PCMS)
5. Oppfølging/informasjon – alvorleg hending i Sjukehusapoteket i Bergen (2020)
6. Informasjon om varslingsak

Adm.direktør og fagdirektør orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 16/22 Verksemdsrapport per april 2022**Oppsummering**

Rapporten er lagt fram for styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per april 2022 til vitande.

Sak 17/22 Økonomisk langtidsplan Sjukehusapoteka Vest 2023-2027**Oppsummering**

Administrasjonen legg fram Økonomisk langtidsplan (ØLP) for SAV for perioden 2023 – 2027. Arbeidet med ØLP har, i tillegg til framskriving av drifta, lagt vekt på behov for investeringar og utviklingsprosjekt samt finansiering av desse. Covid-19 pandemien har påverka aktiviteten i SAV der publikum er spesielt råka, og leveransar til sjukehus er avhengig av aktiviteten i der.

ØLP legg til grunn at aktivten i sjukehusa og kundestraum i publikum er normalisert i løpet av 2022. ØLP peikar ut retning for utvikling som understøttar Helse 2035 og Strategiplan for SAV. Budsjettet er eit godt grunnlag for å arbeide vidare med investeringsbehov og driftsopplegg i årsbudsjettet for 2023.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek økonomisk langtidsplan 2023 – 2027 for Sjukehusapoteka Vest HF.

Styret sitt kvarter.